



Fedje kommune

Teknisk

Erling Bjarne Rose Walderhaug
MULEVEGEN 80
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/58 - 22/1786

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
08.04.2022

Løyve til å leggja ut flytebyggje på gnr. 169, bnr. 149.

Administrativt vedtak. Saknr:

Saksutgreiing:

Byggjeplass : Gnr. 169, bnr. 149.

Type arbeid : Utlegging av ei flytebyggje.

Tiltakshavar : Erling Walderhaug

Søknaden gjeld utlegging av ei flytebyggje på 2,5 x 6,5 meter pluss landfeste og bru frå land. Flytebyggja er planlagd framfor eksisterande naust/kai.

Søknadsplikt / Ansvar :

Tiltaket er søknadspliktig etter § 20-1 i plan- og bygningslova (pbl). Paragraf § 20-4 i pbl skildrar dei tiltaka som tiltakshavar sjølv kan søkja om løyve til, prosjekta og utføra.

Etter § 20-4 punkt e i pbl, kan kommunen godkjenna at tiltakshavar sjølv søker om løyve til, prosjekterer og utfører "andre mindre tiltak". Vi ser i dette høve på tiltaka det er søkt om, som "andre mindre tiltak".

Kommuneplan :

Sjø er i det aktuelle området sett av til småbåthamn etter kommuneplan 2012-2024. Punkt 6.10 i føresegnene til planen krev i utgangspunktet reguleringsplan for småbåthamn. For mindre byggjer er ikkje dette eit krav. Landområdet er i kommuneplan 2012-2024 sett av til naust. Bygging av landfeste for flytebrygge, er difor i samsvar med kommuneplanen.

Nabovarsel

Nabovarsel er levert.

Havne og farvannslova.

Tiltaket krev løyve både etter plan- og bygningslova og etter hamne- og farvannslova.

Kommunen gjev no løyve etter plan- og bygningslova og sender søknaden til Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS for handsaming etter hamne- og farvannslova.

Vedtak

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Erling Walderhaug får løyve til å leggja ut ei flytebrygge på 6,5 x 2,5 meter, bygga landfeste, gangbru frå land og forankringar i samsvar med motteken søknad.

Løyvet gjeld på gnr. 169, bnr. 149.

Vilkår for løyvet :

Kommunen skal ha skriftleg melding når tiltaket er gjennomført. Lovheimel : § 21-10 i pbl.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart M 1-500

Mottakarar:

Erling Bjarne Rose Walderhaug

MULEVEGEN 80 5947

Fedje